

## Berg i Saksumdalen (gnr. 106 og 107)

Berg: Namn på gardar som ofte er av dei eldste i dei grender der dei finst. Skrivemåten av namnet var i eldre tid ofte Berrig eller Berig, men var elles som regel stø og med fåe avvik.

Gunnar heitte brukaren på Berg i 1621, og han var da innkalla til å møte på tinget på Jørstad den 27. februar. Saka var at han der skulle svara for at han ”for nogen tiid siden haffde bortløben til Valdres och Annsteds” med O. R.s hustru, ”og det på ein slik måte at dei baa vart dømt til å ha ”deeris boesloed forbrutt”. Av lista over ”Sagefall” 1621-22 går det elles fram at ”Gunder Bergs boeslodd” vart 4½ dalar, og ”ektekvinne Astrids boeslodd vart 1 dalar 1 mark. Baa vart elles tatt til nåde, og Gunnar var brukar på Berg i mange år etterpå.

Men i 1645 var Berg i Saksumdalen vorte delt, og brukaren på søre Berg heitte da Oluf, og brukaren på Nordberg heitte Tore. Tolv år seinare er det i 1657 opplyst at husdyr-haldet hos Oluf på Berig da var: 2 naut, 1 geit og 2 sauer, men samtidig var husdyrhaldet hos Tore på Nordberg: 1 hoppe, 2 naut, 3 geiter og 2 sauer.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Berig”, som namnet framleis er skrive, fortalt at garden var ”Kongens”, at landskylda var 2 skinn, og at Oluf framleis var bygslar og brukar der. Buskapen av store husdyr var da 1 hest og 5 naut, og korntienda vart utreidd med 3/8 tønne, som altså svara til ei årsavling på 3-4 tønner. Samtidig er det om ”Noerdberig” oppgitt at denne garden også hørde Kongen til, men at bygslaren og brukaren der da var kvinna Sigri. Ein vesentleg skilnad var elles at her på Nordberg var landskylda berre 1 skinn.

Etter denne felles innleidinga går vi så her over til å sjå litt nærare på soga åt dei to Bergsgardane kvar for seg, og vi går etter matrikkelen og stanar først ved

### Berg søndre.

År 1715 fekk ein mann med det klangfulle namnet Dag Dagson skjøte på Berg av skyld 2 skinn, som han da kjøpte av stefar sin Jacob Knudsen Øijordet. Men Dag Dagson hadde garden Berg berre i 6 år til i 1721, da han skjøta ”søndre Berg i Saxumdalen” til soldat Peder Tommessen Boleng for 85 rd.

To år etter kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Berg av skyld 2 skinn vidare fortalt at Berg ligg i sollia, at jordarten der er god, men at garden er noe tungbrukt. Buskapen var da 1 hest, 4 naut og 8 sauer, og den årlege utsæd av korn var kring 1 tønne bygg. Eigar og brukar av garden var da Peder Tommessen, som og budde på Berg.

Men i 1724 gav Peder Tommessen skjøte til Jacob Knudsen på ”gaardepladsen søndre Berg i Saxumdalen” for 160 rd. Kjøparen Jacob Knudsen brukte så Berg samla til i 1731, da han skjøta halvparten av Berg, Berg skyld av 1 skinn, over til son sin Jon Jacobsen for kjøpesum 70 rd. Året etter skjøta elles også Jacob Knudsen den andre halvparten av Berg, også Berg av skyld 1 skinn, over til svigersonen sin Peder Olsen, og samleis for kjøpesum 70 rd. På denne måten vart altså alle tre Bergsgardane i Saksumdalen heller små brukseiningar.

Om eldsvåde på Berg handlar ei sak av 1739, som etter utskrift av tingboka har denne ordlyden:

”Berg Søndre i Fåberg.

Fliflet i Fåberg 17. febr. 1739

Jon Jacobsen Sør-Berg av Saksumdalen angav at en ulykkelig ildebrand for 2 år siden hadde fortæret et loft og en bod samt et lite hus på hans gård Berg, hvor han hadde innsatt og innpakket alt han eide, da han hadde overdraget gården til Niels Lien. Han fremstillet vidner og begjærte tingsvidne”.

Jon Jacobsen hadde framleis sin halvpart av Berg søre i 1741. Han fekk da bevillingsseddel frå foged Christen Pram på å ”opta og bruke og innhegne de gamle græsløkker Slotterne kaldet ved Ouga Elven under hans gård Berg”.

To år seinare var det i 1743 dødsbuskifte på den andre garden Berg søndre, der eigaren Peder Olsen da var død. Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, Berg av skyld 1 skinn, verdsett til 69 rd., og arvebuet utgjorde brutto 90 rd. og netto 69 rd.

Arvingane ved skiftet var forutan enka Gunnild Jacobsdtr. dei to unge borna i ekteskapet: a. Ole, som da var 8 år, b. Jacob, som var 5 år.

Jon Jacobssen hadde sitt Berg av skyld 1 skinn til i 1755, da han skjøta garden over til Peder Jacobsen Vækle av Torpen anneks for 250 rd. Frå 1761 er eit døme på at det andre Berg av skyld 1 skinn er kalla Sørberg. Ole Pedersen, som hadde garden, lånte da 60 rd. av Ole Christophersen Lille Ulland mot årleg rente 2½ % og 1. pr. pant i ”sin eiende gaardeplads Sørberg”.

Ole Pedersen hadde søre Berg av skyld 1 skinn til i 1773, da han gav skjøte til Berger Svendsen. Kjøpesummen for Berg var da 340 rd. og dertil kom så ”føderåd til selgerens gamle mor Gunhild Jacobsdtr.” I tida frå 1787 til 1798 var det så fleire gongar handla med dei ymse partar av garden Berg søre. Men i 1798 fekk så Hans Olsen, som da budde på Bergshaugen, skjøte frå Elling Pedersen på ”Mit-Berg tillikemed søndre part” og hadde dermed atter samla grd. Berd av skyld 2 skinn på si hand.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 4 familiar på ”Berg” av skyld to skinn. Dei fire familieane var:

1. familie:                   1. Hans Olsen, husbonden, 43 år  
                                  2. Anne Gulbrandsdtr., kona hans, 43 år  
                                  3. Berte Hansdtr., dotter deres, 19 år  
                                  4. Christen Siversen, tenestkar, 21 år
2. familie:                   1. føderådsmann Peder Ellingsen, 66 år  
                                  2. Kari Knudsdtr., kona hans, 74
3. familie:                   1. føderådsmann Elling Pedersen, 36 år  
                                  2. Kari Olsdtr., kona hans, 46 år
4. familie:                   1. føderådsmann Peder Thostensen, 83 år  
                                  2. Berit Amundsdtr., kona hans, 73 år

Husbonden Hans Olsen brukte Berg av skyld 2 skinn samla til i 1806, da han skjøta garden over til svigersonen som da var trulova med dottera Berte Hansdtr. Berg. Dette skjøtet, som gir fleire detaljerte opplysningar, har elles etter utskrift av panteboka denne ordlyden:

”Berg, søndre og Mit Berg.

Skjøte dat. og tgl. 1806, mars 29. fra Hans Olsen Berg med sin kone Anne Gulbrandsdtr.s samtykke til Hans Poulsen Bratland og hans tilkommende hustru Berthe Hansdtr. på søndre Berg tillikemed Mit Berg begge parter av skyld 2 skinn tillikemed en del løsøre som består i ”8 voxne melkekjør og 6 ungnødt samt saa mange smaae Creature af Sauer, Gieder og Ynglere som er, følger Møderne Vinteren over, med deres deraf faldne Foster, 2 de Kobberkiedler, samt øvrige Ildkopper, Bagstegang, Bryggepande, samt store og små Gryder. Ligesaaavel alleslags sorter av Træekopper som findes i Sætteren, som Himme paa Gaarden. Et Stueuhr, et Skab i Stuen, tilligemde Bord Sengestæder, et Shatold, 2 de Hæster, een Rødblak og een Røe, een Kiørslede med Sæhle, de nuværende Arbeidssæhler og Høeslæder som og all Plougredskapen, og Tømmerlenker og alt det øvrige nu befindende Løsøre. Kjøpesummen er 850 rd.. Skulle nogen melde sig med odelspretensjon skal vedk. betale Kjøpesummen samt betale for føderåden årlig og herforuten betale alle anvendte bekostninger paa Huser og Jordvei. Kjøperen svarer føderåd til Hans Olsen og hustru”.

I samband med handelen lånte så kjøperen Hans Poulsen desse pengesummane:

600 rd. av Elling Ulland, 400 rd. av Gulbrand Onsum og 200 rd. av Arne Øhre, tilsaman 1200 rd. mot årleg lovleg rente og 1. pr. pant i ”Søndre og Mitre Berg, av skyld 2 skind” Overtainga av garden med dei store føderåd og stor gjeld var utan tvil eit ”både – og”. Men Hans Poulsen sat framleis som eigar og brukar av Berg i 1812. Og just same året selde han så til Carsten Tank og Westy Egeberg ”engelandet Bergsvolden og skogen Bergslien” for 1400 rd.

Fleire nyare opplysningar om gardane kom med matrikkelframlegget for Fåberg av 1819. Der er det om ”Berg Søndre”, framleis av skyld 2 skinn, opplyst at buskapen av store husdyr da var 1½ hest (sikkert i sambruk med Berg nordre) og at den årlege kornavlinga i den tid utgjorde kring 25 tønner. Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar, ort og skilling. Berg Søndre i Saksumdalen fekk da som si nye matrikkelskyld: 2 skylddalar 4 ort 6 skilling, men da var det Svend Gudmundsen som hadde tatt over og satt som oppsittar på Berg søre. Vidare er det da fortalt at Svend Gudmundsen og var eigar av Bergsvolden, da av skyld 2 ort 2 skilling.

I tidsrommet 1838 – 1855 var det så atter ei tid da Berg søre eller parsellar av garden var på handel. Men i 1856 vart så Søndre Berg med Bergsvolden selt ved auksjon for 935 spd. til Andreas Oppen, som straks selde ”Engestykket Bergsvolden” vidare til Svend G. Berg.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om Berg søndre vidare fortalt at det samla jordbruksareal der av åker, eng og seterlykkjer da utgjorde 192 mål, og av dette var 43 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at buskapen på Berg søndre da var 2 hestar, 16 storfe og 25 småkrøter, og at den årlege utsæd i den tid utgjorde kring 7 tønner korn og 6 tønner settepoteter. Oppsittar på garden var i den tid Ole S. Berg.

Men i 1873 gav Ole Svendsen Berg skjøte på Berg søndre med Bergsvolden til Ole Nielsen Hammershaug for kjøpesum 1500 spd. Tretten år seinare kom i 1886 den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og i og med den fekk så gardane nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre. Berg søndre i Saksumdalen fekk da som sitt nye gardsnummer nr. 106 av samla skyld 7,48 mark, og det var alt da 6 bruksnummer under gardsnr. 106 Berg søndre. Dei 6 brn. var:

- a. Grn. 106 brn. 1 Berg sønder av skyld 5,62 mark,
- b. Grn. 106 brn. 2 Volden, skyld 0,29 mark
- c. Grn. 106 brn. 3 Lien av skyld 0,57 mark, som alle tre bruksnummer tilhørde Ole Hammershaug.
- d. Grn. 106 brn. 4 Ringen av skyld 0,72 mark, der Bernt Simensen Kirkerudstuen da var oppsittar
- e. Grn. 106 brn. 5 Volden nordre av skyld 0,22 mark, som og tilhørde Bernt Simensen Kirkerudstuen
- f. Grn. 106 brn. 6 Skog av skyld 0,04 mark, som tilhørde Ole Svendsen Ulland.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det vidare skjedd dei skifte at grn. 106 brn. 4 Ringen og brn. 5 Volden nordre var overtatt av Klaudine Simensdtr. Dessutan hadde da Ole Hammershaug tilhandla seg brn. 6 Skog av skyld 0,04 mark. Her tek vi elles med at ved kommunevalet i 1907 budde det da 3 personar med røysterett på og/eller ved Berg søndre. Dei 3 personane var:

1. gardbr. Matea Hammershaug, Berg søndre, 63 år
2. gardbr. Harald Ringen, Bergsringen, 34 år
3. husmor Klaudine Ringen, Bergsringen, 45 år

Av handlar i seinare tid med grn. 106 eller parsellar av garden tek vi her elles med at i 1907 overtok så Nils Hammershaug Berg søndre, og vidare overtok så i 1937 Olav Hammershaug ættegarden Berg søndre etter faren Nils Hammershaug. Dei nåverande brukarfolk på grn. 106 Berg, Olav Hammershaug og Gudrun f. Granum, hadde i 1942 3 born, nemleg: a. Astrid f. 1937, b. Nils f. 1940 , c. Gjertud f. 1942.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det da 3 bruksnummer under grn. 106 Berg med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 3 gardsbruk var:

- a. Grn. 106 brn. 1, 2, 3, 6 Berg søndre med eit samla jordbruksareal på ca. 95 mål, som Olav Hammershaug var eigar og brukar av
- b. Grn. 106 brn. 4 Ringen, jordbruksareal ca. 12 mål, som Karl Ringen var eigar og brukar av.
- c. Grn. 106, 103 brn.5, 27 Voldstad, jordbruksareal ca. 12 mål, som Harald Voldstad var eigar og brukar av.

### **Berg nordre.**

Sigri, den kvinnelege brukaren på ”Nordberig” i 1668, var i 1678 vorte avløyst av Erik Nordberig, som da betalte leiglendingeskatt med 20 skilling. Om odelsretten til Nordberg handlar derimot ei sak som etter utskrift av tingboks har denne ordlyden:

”Nordberg.

Odelsbrev dat. 20. desbr. 1721 tgl. Febr. 1722. Fra Hr. Ulrik Christian Kruse på sin frue Kristine Margrethe Krabbes vegne til Ole Olsen på odelsretten til pladsen Nordberg”.

Året etter kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om garden. Der er namnet skrive ”Norberg”, og det er opplyst at brukar Ole Olsen også var eigar av garden. Buskapen på Nordberg var da: 1 hest, 5 naut, 6 sauer og 3 geiter, og den årlege utsæd av korn utgjorde kring 1½ tønne bygg. Ein merker seg elles at garden da hadde utslåttar eller seterslått til 3 lass høy.

År 1735 var Ole Olsen og kona hans Kari Jacobsdtr. vorte samde om å skifte med borna sine medan dei baa, foreldra, var i live, og den 31. mars s.å. var det så arveskifte på ”Berg nordre i Faaberg”. Ved dette skiftet går det tydeleg fram at jordegodset Nordberg av skyld 1 skinn var medregistrert i arvebuet, og at det dermed utgjorde brutto 152 rd. og netto 106 rd. Arvingane ved skiftet forutan foreldra dei vaksne borna deres. Dei var.

a. Ole, som var 26 år, b. Jacob, 21 år, c. Kari, 31 år, d. Guro, 23 år, e. Mari 17 år. Tre år seinare fekk i 1738 broren Jacob Olsen søskenskjøte på ”gården Nordre Berg i Saksumdalen til Fåberg prestegjeld” for sum 42 rd. Etter nye 5 år var det i 1743 elles eldste broren Ole Olsen som hadde Nordberg, som han da skjøta til svigersonen Mads Halvorsen Helleberg for kjøpesum 140 rd. og føderåd til svigerfaren Ole Olsen. I samband med denne handelen lånte så kjøparen Mads Halvorsen 80 rd. av Christen Hindklev mot årleg lovleg rente og 1. pr. pant i ”sin gardeplads Berg som skylder 1 skind”.

Mads Halvorsen f. Helleberg hadde Berg nordre til i 1755, da han skjøta garden til Christen Tordsen Baardseng for kjøpesum 364 rd. Ein merkar seg her at garden i denne tid steig sterkt i pris.

Kjøparen Christen Tordsen hadde så Nordberg i 6 år til i 1761, da han gav skjøte vidare til Iver Ellingsen Finsrud ”av Uggedalen” for kjøpesum 420 rd.

Av interesse er her ei sak av 1763, som etter utskrift av tingboka i svært samantrent form skal vera referert slik:

”16. febr. 1763.

Fogdens bevillingsseddel til fornyelse på Skjelbreimyhren i almindingen utstedt til Iver Ellingsen Berg dat. 15. desbr. 1762”. Om det var Skjelbreimyra som var utslåttar til Berg nordre alt i 1723, må likevel seiast å vera uvisst.

Iver Ellingsen av Uggedalen hadde elles ikkje Berg nordre lenger enn til i 1764, da han skjøta garden vidare til Bård Johannessen Børde frå Svatsum for kjøpesum 500 rd. Koss det så i ei mellomtid vart handla med Berg nordre må seiast å vera uvisst. Men av 8. april 1771 er her eit auksjonskjøte som er av interesse, og som etter utskrift av panteboka er sålydande:

”Berg nordre.

Auctionsskjøte dat. 8. april 1771 tgl. 10. oktober s.å.

Fra stervboet efter avgagne Syver Pedersen Tandberg i Norderhaug prestegjeld på Ringerike til Ole Pedersen Endstad av Gausdal Prestegjeld på gården Nordre Berg i Fåberg prestegjeld for sum 420 rd.”

Den nye eigaren av Berg nordre hadde heller ikkje garden meir enn i 5 år til i 1776, da han gav skjøte på ”gården Berg i Saksumdalen i Fåberg prestegjeld som skylder 1 skind for sum 450 rd.” Men etter nye 5 år var så garden atter på handel, og Peder Erlandsen gav skjøte vidare til Ole Arnesen på Berg nordre for kjøpesum 440 rd.

Den nye eigaren Ole Arnesen slo seg derimot til på Nordre Berg i noko lengre tid. Han var der såleis i 1795, da han hadde lånt 500 rd. av Christopher Olsen Lille Ulland mot pant i grd. Nordre Berg av skyld 1 skinn.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 3 familiar på Nordre Berg. Dei var:

1. familie:
  1. Ole Arnesen, husbonden, 52 år
  2. Anne Svendsdr., kona hans, 47 år
  3. Arne Olsen, son deres, 22 år
  4. Ole Olsen, son deres, 16 år
  5. Erich Olsen, son deres, 12 år
  6. Lars Olsen, son deres, 6 år
  7. Simen Olsen, son deres, 1 år
  8. Mari Olsdr., dotter deres, 18 år
  9. Ingebor Olsdr., dotter deres, 8 år
2. familie:
  1. Johannes Ellingsen, husmann med jord, 40 år
  2. Ingebor Olsdr., kona hans, 13 år
  3. Elling Johnnessen, son deres, 4 år
  4. Eli Johannesdr., dotter deres, 10 år
  5. Ingebor Johannesdr., dotter deres, 6 år
3. familie:
  1. Siver Olsen, husmann med jord, 60 år
  2. Ingebor Olsdr., kona hans, 48 år

Husbonden Ole Arnesen brukte sjølv Berg nordre til i 1807, da han skjøta garden til eldstesonen Arne Olsen for kjøpesum 697 rd. og føderåd til foreldra. Ein merker seg elles at kjøpesummen vart betalt til pantehaveren Christopher Ulland.

År 1819 kom det nye matrikkelframlegget for Fåberg med fleire opplysningar om gardane. Der er det om "Berg Nordre" oppgitt at buskapen av store husdyr i den tid var 2-3 hestar og 8 kyr, og at det var framleis 2 husmannsplassar til graden.

Ved matrikuleringa i 1838 var den gamle landskyld i huder og skinn skifta ut med ei matrikkelskyld uttrykt i skylddalar ort og skilling. Løpenr. 33 Berg nordre fekk da som si matrikkelskyld: 2 skylddalar 4 ort 6 skilling, og det var da Arne Olsen som framleis var oppsittar på Berg nordre. Arne Olsen hadde så Berg vidare til i 1841, da han skjøta farsgarden til sonen Ole Arnesen, som samtidig lånte 200 spd.

Av 1852 er ei husmannskontrakt frå Ole Arnesen til Arne Arnesen og hustru "samt en af de sidstnevtes Børn paa Pladsen Bergsstuen for deres levetid". Fem år seinare var det i 1857 skylddelingsforretning på Nordre Berg, og plassen Bergsstuen m.m. vart fråskilt garden og selt til Johan Arnesen for 400 spd. I den tid fekk og Amund Olsen og hustru Marthe og eit av borna deres husmannskontrakt på plassen Glotten m.m.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire nyare opplysningar om gardane. Det er og da opplyst at på Berg nordre, der Ole Arnesen framleis var oppsittar, var det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer i den tid kring 180 mål, og av dette var 44 mål jord av 1. klasse. Samtidig var dei tilsvarande areal hos Johan Arnesen i Bergsstuen: 49 mål og 7 mål.

Etter atter 5 år gav i 1870 Ole Arnesen Berg skjøte til Amund Simensen Rindal på grd. Nordre Berg med seter for kjøpesum 800 spd. + føderåd verdsett til 200 spd. Same året var det i 1870 også utskifting av Skjelbrei – og Aalkjernmarkens sameigeskog.

Amund Simensen Rindal hadde elles Berg Nordre berre i 3 år, til i 1873, da han selde garden vidare til Even F. Seegaard for 1500 spd. Kjøparen Even Seegaard hadde så Berg til i 1876.

da han gav skjøte på Berg vidare til Ole Kristiansen, men ni år seinare fekk i 1885 Karen Olsdtr. Berg auksjonskjøte frå sorenskrivaren på Berg nordre av skyld 2 dal. 4 ort 6 skilling for kjøpesum kr 2000,-.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i skyldmark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. I denne matrikkelen er gardnamnet skrive "Berg nordre", og Berg nordre fekk som sitt nye gardsnummer nr. 107 med ei samla matrikkelskyld av 6,98 mark. Ein merker seg elles at det alt da var 4 bruksnummer under gardsnummer 107. Dei 4 bruksnummer var:

- a. Grn. 107 brn. 1 Berg nordre av skyld 3,48 mark, der Ole Kristiansen framleis var eigar og brukar.
- b. Grn. 107 brn. 2 Bergsstuen av skyld 0,90 mark med Iver Hansen som eigar ell. brukar
- c. Grn. 107 brn. 3 Sæter av skyld 0,86 mark som da tilhørde Johan Olsen Saksum.
- d. Grn. 107. brn. 4 Skog av skyld 1,74 mark, som da tilhørde I. N. Jacobsen & Co.

Etter ajourført matrikkel av 1904 var det vidare skjedd dei skifte at Peter Olsen hadde overtatt grn. 107 brn. 1 Berg nordre da av skyld 2,28 mark, Mathias H. Stubberudsveen hadde tilhandla seg brn. 2 Bergsstuen, og Johan Enger hadde overtatt brn. 4 Skog. Dessutan hadde da Emil Nilsen kjøpt grn. 107 brn. 5 Bergsjordet av skyld 0,43 mark, og Ole Kristiansen hadde overtatt grn. 107 brn. 6 Glotten av skyld 0,77 mark.

Tre år seinare var det i 1907 kommuneval, og det budde da 7 personar med røysterett på og/eller ved Berg nordre. Dei 7 personane var:

1. føderådsmann Ole Kr. Berg, 72 år
2. gardbr. Ludvig Kirkerud, Berg nordre, 45 år
3. gardbr. Kristen O. Berg, Glotten, 32 år
4. gardbr. Emil Bergsjordet, Bergsjordet, 41 år
5. husmor Karen Olsdtr. Bergsjordet, 39 år
6. gardbr. Mathias H. Bergsstuen, Bergsstuen, 48 år
7. husmor Oline Bergsstuen, 41 år

Av handlar i seinare tid med garden Berg nordre og/eller parsellar av garden tek vi her elles med at i 1938 kjøpte så Einar Bergsjordet, son av Emil Bergsjordet og Karen f. Berg, grd. Berg nordre framleis av skyld 2,28 mark. Vidare kjøpte i 1939 Einar Bergsjordet også eit bruksnummer: grn. 107 brn. 8 Nedre Berg.

Ved jordbruksregistreringa av 1939 var det etter dette 4 bruksnummer under gardsnummer 107 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (dekar). Dei 4 gardsbruk var:

- a. Grn. 107 brn. 1 Berg nordre med eit jordbruksareal på ca. 35 mål, som Asmund Berg da var eigar av, men Einar Bergsjordet var brukar av.
- b. Grn. 107 brn. 2 Bergsstuen, jordbruksareal ca. 35 mål, som Ottine Bergsstuen da var eigar og brukar av.
- c. Grn. 107 brn. 5, 7 Bergsjordet, jorbruksareal ca. 32 mål, som Ole Bergsjordet var eigar og brukar av.
- d. Grn. 107 brn. 6 Glotten, jordbruksareal ca. 32 mål, som Kasper Berg var eigar og brukar av.